



Årsmelding 2017

8. DRIFTSÅRET

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Organisasjonsnummer: 996 124 789

STYRANDE ORGAN 31. DESEMBER 2017

GENERALFORSAMLING:

Medlem kundevald:

Torgny Nundal	Husnes	Leiar
Bjørn Terje Eikeland	Sandvoll	Nestleiar
Oddvar Eikenes	Husnes	
Lars Arne Revne	Ølve	
Kjell Yri	Uskedalen	
Ingvald Nedrevåg	Seimsfoss	
Lill Britt Urheim	Ølve	
Terje Eikemo	Holmedal	
Steinar Haugan	Valen	
Inger Lise Bondhus	Mauranger	
Kristian Hus	Husnes	
Anne Kristin Håvik	Sunde	
Asbjørn Soltveit	Rosendal	
Ann Elisabeth Enes	Ænes	
Grete Lise Sjø	Valen	

Medlem kommunevald:

Marit Bakke	Dimmelsvik
Hans Petter Jacobsen	Mauranger
Vibeke Fredheim Røssland	Valen

Varamedlem kundevald (prioriterte):

Julie Kambe	Valen
Jørn Hjelmeland	Seimsfoss
Lise Christensen Sætrevik	Rosendal
Rannveig Hjelmeland	Dimmelsvik
Torill Lyngnes	Matre
Frank Søllesvik	Dimmelsvik
Are Tråvik	Ølve

Varamedlem kommunevald (prioriterte):

Stig Eide Rusten	Valen
Gaute Lund	Dimmelsvik

STYRE:

Medlem:

Svein Arne Eidsvik	Herøysundet	Leiar
Frøydys Sjø Fjellhaugen	Matre	Nestleiar
Synnøve Solbakken	Valen	
Gunnar Våge	Løfallstrand	

Varamedlem (prioriterte):

Magnhild Haugland	Uskedalen
Jan Magnus Aasen	Ølve
-Vakant – per. 31.12.2017	

VALKOMITÉ:

Medlem

Kjell Yri	Uskedalen	Leiar
Asbjørn Soltveit	Rosendal	Nestleiar
Terje Eikemo	Utåker	
Lars Arne Revne	Ølve	
Anne Elisabeth Enes	Ænes	

Om SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Bakgrunn

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad vart skipa 1. november 2010 med forretningskontor i Kvinnherad Kommune. Forstandarskapet i Kvinnherad Sparebank og representantskapet i SpareBank 1 SR-Bank gjorde i møter den 28. juni 2010 vedtak om at dei interesser som bankane representerte ville vera best tente med at sparebankverksemda i Kvinnherad Sparebank vart overteken og vidareført gjennom SpareBank 1 SR-Bank, og at Kvinnherad Sparebank etablerte ei stifting som skal fremja sparebankverksemd i Kvinnherad Sparebank sitt marknadsområde gjennom å eiga eigenkapitalbevis og disponera utbyte til ålmennyttige føremål.

Føremål

Stiftinga sitt føremål er å forvalta eignelutar som stiftinga vart tilført ved skipinga, og å stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i SpareBank 1 SR-Bank ASA.

Stiftinga skal i tillegg plassera midlane på ein føremålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til trygd, risikospreiing, likviditet og avkastning.

Stiftinga sitt føremål skal vidare vera å gje bidrag til ålmennyttige føremål.

Ved disposisjonane sine skal stiftinga først og fremst ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Kvinnherad Sparebank.

Ved verksemda si skal stiftinga støtta SpareBank 1 SR-Bank ASA i deira vidareføring av sparebanktradisjonane.

Elles kan stiftinga stå for anna verksemd som kan sameinast med nemnde føremål og dei rammer som til ein kvar tid fylgjar av regelverket for sparebankstiftingar.

Kapital

Stiftinga vart skipa med ein samla kapital på kr 350 000 000 fordelt på 6 069 934 aksjar, kvar pålydande kr 25, i SpareBank 1 SR-Bank ASA og eit kontantbeløp på kr 20 000 000. Grunnkapitalen er på kr 151 748 350.

Aksjar og andre verdier som stiftinga måtte få utover dei eignelutar som stiftinga vart tilført ved skipinga som vederlag for bokførte verdier i Kvinnherad Sparebank, kan nyttast av styret innan dei rammer som vedtektene set eller som elles er trekte opp av generalforsamlinga.

Styret si årsmelding for 2017

(Tal i parentes er for året 2016)

Aktivitetar i 2017

Viktige aktivitetar i året 2017 har mellom anna vore:

- Handsaming av 223 (206) søknader og tildeling og reservering av 112 (126) gåver på til saman 11,02 (9,02) millionar kroner
- Vidareutvikling av internkontrollsystem, finansstrategi og styringsdokument i stiftinga

Generalforsamlinga har hatt 2 (1) møter og styret 14 (15) møter i 2017.

Resultatrekneskapet 2017

Rekneskapet syner eit driftsresultat på – 1 962 631 (- 2 394 296) kroner.

Resultatet i året vart 12 420 927 (98 875 505) kroner etter finansinntekter.

Dei 6 069 934 egenkapitalbevisa i SpareBank 1 SR-Bank stiftinga tok i mot ved skipinga hadde opphavleg samla verdi 330 000 000 kroner. SpareBank 1 SR-Bank vart 1. januar 2012 omdanna frå egenkapitalbevisbank til allmennaksjeselskap - ASA. Stiftinga vart i samband med dette tildelt 1 aksje for kvart egenkapitalbevis vi eigde.

Endringar i marknadsverdien av aksjane i SpareBank 1 SR-Bank ASA har stor påverknad på stiftinga sitt årsresultat. I 2013 vart det til dømes resultatført reversering av tidlegare nedskriving med 102 680 972 kroner, noko som gav det uvanleg gode resultatet på pluss 110 741 979 kroner. For 2016 var det grunna den høge kursen ved årsskiftet resultatført ei reversering av finansielle anleggsmiddel på 91 451 594. Rekneskapsåret 2017 var ikkje prega av slike svingingar.

Stiftinga fekk i 2017 utbetalt 14 009 812 (9 339 874) kroner i utbyte frå SpareBank 1 SR-Bank ASA for 2016. Stiftinga hadde i tillegg renteinntekter på 421 626 (502 883) kroner.

Kapitalen

Eiga var ved årsskiftet 370 605 505 (368 298 802) kroner.

Aksjekurs nytta ved årsskiftet var kr 87,00.

Grunnkapitalen er 151 748 350 kroner. Årsresultatet, 12 420 927 (98 875 505) kroner, er dekkja ved overføring til annan egenkapital som etter dette er 150 738 401 (148 317 474) kroner. 0,- kroner er overført til gåvefond, og avsetjing til gåver er 10 000 000 kroner.

Stiftinga sine almennyttige gåvetildelingar er viktige for lokalsamfunna. Det er overskot å disponera i 2017, og likviditeten til stiftinga er god. Det er difor gjort framlegg om å nytta 10 000 000 kroner av overskotet til gåver for tildeling hausten 2018 og våren 2019. Gåvefondet aukar ikkje.

Hovuddelen av kapitalen til stiftinga er aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA.

Stiftinga eig 6 069 934 aksjar tilført ved skipinga til kostpris 330 000 000 kroner.

Marknadsverdi var ved årsskiftet 528 084 258 (368 748 491) kroner. Resultatført verdiendring i 2017 er 0,- (91 451 594) kroner.

Stiftinga kjøpte 156 649 aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA ved emisjonen i 2012. Kostpris for desse var 4 229 523 krone. Marknadsverdi ved årsskiftet var 13 628 463 (9 156 427) kroner. Resultatført verdiendring er her 0 kroner.

Marknadsverdien av aksjane våre i SpareBank 1 SR-Bank ASA var såleis ved årsskiftet til saman 541 712 721 (378 264 918) kroner.

Styret kan ikkje selja av dei 6 069 934 aksjane i SpareBank 1 SR-Bank ASA som vart tilført ved skipinga, utan fullmakt i generalforsamlinga og godkjenning frå Finanstilsynet.

Likviditeten til stiftinga er god.

Gåveutdelingar i 2017

Våren 2017 handsama styret 127 (108) søknader om til saman ca. 15,4 (13,4) millionar kroner i gåver. Det vart tildelt 53 (64) gåver, i sum 4,110 (4,885) millionar kroner

Hausten 2017 handsama styret 96 (98) søknader om til saman ca. 12,5 (10,9) millionar kroner i gåver. Til saman vart det tildelt 53 (64) gåver, i sum 5,913 (4,140) millionar kroner.

I tillegg vurderte styret gåver til gode tiltak utan at de førelåg søknad. Det vart tildelt 6 slike gåver i 2017.

Styret har reservert, men ikkje tildelt, 1 000 000,- kroner av ramma hausten 2017 til ny idrettshall på Husnes dersom prosjektet vert realisert. Tildeling krev ny styrehandsaming.

Oversyn tildelte gåver våren 2017 og hausten 2017 er del av denne årsmeldinga.

Tilsette

Stiftinga har dagleg leiar tilsett i 50 % stilling frå 01.01.2017 – 31.12.2017.

Daniel Morso overtok som dagleg leiar frå 01.01.2017

Administrative tilhøve

Styret i stiftinga har vedteke at kontorstaden skal vera Husnes, og har inngått leigekontrakt med Kest Eiendom AS om leige av kontor i Stabburshaugen 5, 5460 Husnes.

iDrift AS er engasjerte som leverandør av IT-tenester, både utvikling og drift.

Tveit Regnskap AS er engasjert som lønsskontor og rekneskapsfører.

Deloitte AS er engasjert som revisor. Stiftinga nyttar Selmer DA som juridisk rådgjevar.

Indre og ytre miljø

Stiftinga har dagleg leiar tilsett i 50 % stilling. Det har ikkje vore sjukefråvær. Det har ikkje vore noko å utsetja på arbeidsmiljøet. Aktivitetane til stiftinga har ikkje ureina ytre miljø, og representerte heller ikkje risiko for slik ureining.

Global utvikling

Verdensøkonomien viste i 2017 klare tegn på økt optimisme og sterkere vekst. Aktiviteten hos flere av Norges sentrale handelspartnere tok seg opp og arbeidsledigheten falt i flere land til lavere nivåer enn i perioden før finanskrisen. I tillegg så man høyere investeringsvekst og fortsatt sterk forbruksvekst. Utviklingen har vært understøttet av en svært ekspansiv pengepolitikk som har inkludert utradisjonelle tiltak, i form av verdipapirkjøp, i mange land. Det lave rentenivået må ses i sammenheng med en prisvekst som har holdt seg lav. I takt med at aktiviteten har økt har sentralbankene i flere land startet utfasingen av de ekstraordinære tiltakene, og også hevet styringsrenten enkelte steder.

USA var et av landene som var tidlig ute med rentekutt og verdipapirkjøp (kvantitative lettelser) for å stimulere til økt økonomisk aktivitet etter finanskrisen. Tiltakene har hatt ønsket effekt og i 2017 tiltok veksten, mens arbeidsledigheten ble ytterligere redusert. Den økende aktiviteten førte til tre rentehevinger fra den amerikanske sentralbanken FED gjennom året, samtidig som det ble iverksatt en gradvis nedskalering av sentralbankens balanse. Den pengepolitiske innstrammingen vil i noen grad kunne bli motvirket av skattereformen som ble vedtatt mot slutten av året.

I Eurosonen fortsatte bedringen i økonomisk aktivitet gjennom fjoråret, og veksten endte antagelig på sitt høyeste nivå siden før finanskrisen. Fremgangen var bredt basert med økt inntektsvekst og sterkere fremtidstro som igjen påvirket forbruk og investeringsnivå i en positiv retning. Prisveksten steg noe, men utviklingen var ikke tilstrekkelig sterk til at den europeiske sentralbanken gjorde endringer i den ekspansive pengepolitikken. Imidlertid ble det annonsert at verdipapirkjøpsprogrammet nå vil bli trappet ned. Verdipapirkjøpene vil etter planen bli avsluttet høsten 2018 dersom økonomien ikke opplever ytterligere tilbakeslag.

Situasjonen i fremvoksende økonomier tok seg også opp gjennom fjoråret. Veksten endte samlet sett på 4,5 prosent. Årsaken til fremgangen skyldtes i stor grad positiv utvikling i de råvareeksporterende økonomiene. Kina stod for et solid bidrag, med en vekst i overkant av 6 prosent. Veksten i Kina tilskrives ekspansiv finanspolitikk og høy aktivitet i boligmarkedet. Flere forhold taler for at Kinas veksttakt vil bli noe lavere fremover.

Norsk økonomi

Aktiviteten i Fastlands-Norge tok seg opp i 2017 etter et 2016 med den svakeste veksten siden finanskrisen. Veksten ble om lag fordoblet, til i underkant av 2 prosent. Dette ligger tett opptil den årlige veksttaket som Norges Bank forventer de nærmeste årene.

Boliginvesteringene har vært en av de sentrale bidragsyterne til økt vekst. Som følge av sterk prisutviklingen i boligmarkedet over flere år, og særlig i 2016, ble det igangsatt bygging av et betydelig antall boliger i 2017. I januar 2017 kom det et omslag i boligmarkedet. Prisendringen var særlig markant i Oslo, hvor prisene også hadde steget kraftig mot slutten av 2016. På tross av omslaget endte årsveksten i boligprisene i Norge på 5,7 prosent. Nedgangen fra begynnelsen av året sammenfalt med myndighetenes beslutning om videreføringen og tilstramming av boliglånsforskriften. Det er grunn til å anta at omslaget i markedet vil kunne påvirke boligbyggingen i årene fremover.

En tyngende faktor for veksten i norsk økonomi de senere år har vært fallet i oljeprisen, med påfølgende fall i oljerelaterte investeringer. Gjennom 2017 tok oljeprisen seg opp med om lag 10 USD per fat. Samtidig har nedgangen i aktivitet medført en rekke tiltak som har redusert kostnadsnivået i sektoren. Oljeinvesteringene har trolig bunnet ut og vil øke i tiden fremover. Med forventninger om et høyere investeringsnivå også i øvrige bedrifter, ventes en positiv impuls fra realinvesteringer for økonomien fremover.

Positive utsikter, bedring i reallønnsvekst og et fortsatt lavt rentenivå ga grunnlag for en god forbruksvekst i husholdningene i 2017. Dette gjaldt særlig forbruk av tjenester. Husholdningene har

imidlertid økt sin gjeldsbelastning ytterligere og er, gitt høy andel av boliglån med flytende rente, utsatt for endringer i rentenivået. Arbeidsmarkedet bedret seg gjennom året målt ved både arbeidskraftsundersøkelsen (AKU) og registrert ledighet hos NAV. Ledigheten var i november 2017 på 4,1%.

Prisveksten, målt ved konsumprisindeksen (KPI), ble betydelig redusert i 2017, etter å ha nådd en topp på 4,4 prosent sommeren 2016. Den relativt høye prisveksten i 2016 var i stor grad en konsekvens av at den norske kronen hadde falt i verdi, med påfølgende prisvekst på importerte varer. I 2017 avtok denne effekten og prisveksten ble redusert til i overkant av 1 prosent, et nivå godt under styringsmålet for pengepolitikken på 2,5 prosent.

Bedringen av situasjonen i norsk økonomi gjennom fjoråret var ikke av en slik grad at Norges Bank ønsket å heve styringsrenten fra 0,5 prosent. Sentralbanken la vekt på at man bør gå varsomt frem i rentesettingen, men at en første renteheving ikke er langt unna i tid dersom norsk og internasjonal økonomi utvikler seg som forventet.

Finanspolitikken bidro også i ekspansiv retning i 2017. Det strukturelle, oljekorrigerte underskuddet, som måler den underliggende pengebruken av oljeinntektene, økte til 220 milliarder kroner. Målt som andel av trend-BNP for Fastlands-Norge innebar dette en vekstimpuls i økonomien på 0,4 prosent. I forhold til kapitalen i Statens pensjonsfond utland (oljefondet) utgjorde underskuddet 2,9 prosent i 2017, en tidel lavere enn handlingsregelen. Regelen ble i 2017 redusert fra 4 til 3 prosent for å reflektere en lavere forventet realavkastning fra oljefondet (Statens Pensjonsfond Utland), hvilket isolert sett taler for lavere innfasing av midler fra oljefondet inn i norsk økonomi.

SpareBank 1 SR-Bank ASA har no delt ut utbytte til stiftinga for 2017 med kroner 4,25 (2,25) pr. aksje, totalt 26 462 977 (14 009 812) kroner


Nesten alle aksjane våre i SpareBank 1 SR-Bank ASA er del av grunnkapitalen og kan etter lovverk og vedtekter ikkje seljast utan etter vedtektsendring i generalforsamlinga og deretter særskilt løyve frå Finanstilsynet. Vår hovudinntektskjelde er og skal vera utbyte frå desse aksjane.

At SpareBank 1 SR-Bank ASA held fram med god drift og ter seg slik at kundane vil nytta banken vil vera avgjerande for økonomien og aktivitetane til stiftinga frametter.


Husnes 14.05.2018

Styret i SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad


Svein Arne Eidsvik
Styreleiar


Frøydis Johanne Sjø Fjellhaugen
Styrenestleiar


Synnøve Solbakken
Styremedlem


Gunnar Våge
Styremedlem


Daniel Morso
Dagleg leiar

Referanseid	Organisasjonsnummer i Einigsregisteret	Namnet til laget/organisasjonen	Kva vert prosjektet/tiltaket kalla?	Tildeling
201701-1071	983 771 645	Rosendal turnlag	Nye draktar pluss overtrekksjakker	11 000
201701-1091	993 745 928	Skare Ungdomslag	oppgradering av lydanlegg og kurs lydstyring	15 000
201701-1078	993 635 928	Solglimt 4H	Revy - "Reversea bygdo"	15 000
201701-1026	988 095 869	Stord Røde Kors	Eldretur til Fjellstova	15 000
201701-1072	993 955 701	Ungdomslaget Hatlestrendingen	Renovering av tregolv i storsal i Samhald	16 000
201701-1157	997 323 726	Stord Undervannsklubb	Fridykker gruppa stord undervannsklubb	20 000
201701-1150	971 355 956	Sagvåg Musikklag	Inspirasjonsprosjekt for ungdom	20 000
201701-1142	993 616 087	Kvinnherad Kystlag	Sikkerhetsutstyr	20 000
201701-1134	976 886 429	Stord IL Skeiser	Skeiseskule	20 000
201701-1038	974 128 225	Frelsesarmeen Odda	Hjartestartar	20 000
201701-x001	964 967 636	Kvinnherad Kommune	Musikkanlegg Varmebassenget	22 000
201701-1158	988 338 559	Judo Klubb Stord	Stord sin kuleste dag	25 000
201701-1125	995 399 415	Kvinnherad Røde Kors, lokalforeningen	Trivselstiltak	25 000
201701-1070	986 034 153	Uskedal Ungdomslag	Oppgradering av Fjelly	25 000
201701-1062	983 470 343	Stord Bordtennisklubb	Trenarutdanning	25 000
201701-1055	994 225 618	Seimsfoss Helselag	Utviding av tiltak, Skilting av turstiar	25 000
201701-1030	893 645 012	Stord Tennisklubb	revitalisering av Stord Tennisklubb	25 000
201701-1106	994 272 136	Ølve Bygdalag	Heile hopen i krabbehopen	30 000
201701-1035	994 211 471	Mental helse Stord/Fitjar	Mental Helse Stord/Fitjar	30 000
201701-1111	918 719 202	VALEHORNET	Instrumentkjøp	35 000
201701-1097	985 283 931	HLF Kvinnherad	Teleslynge	37 000
201701-1096	915 222 978	HVØ-Pensjonistlag	Prosjektor og lerret	37 000
201701-1103	893 158 332	Kvinnherad Motorsykelklubb	Fornyng av garasjeport og verktøy	40 000
201701-1079	996 235 629	Valen kyrkjelydslag / Ope Hus Valen	Ny sofa i kyrkjestova	40 000
201701-1149	993 741 663	Uskedalen Idrettslag (klatregruppa)	Aktiv klatring i Uskedalen	50 000
201701-1148	983 839 509	IL SOLID Symjegruppa	Oppbygging/re-strukturering av symjegruppa	50 000
201701-1118	993 414 840	Rosendal Musikklag	Fornyng av instrument	50 000
201701-1117	993 770 892	Kvinnherad Turlag	Turstiprosjektet - Vedlikehald og oppgradering	50 000
201701-1080	914 211 085	Dalen Vel	Slutføring av leikepark.	50 000

201701-1044	916 523 599	Løkjelsøy, Kolsøy og Valøy Venelag	rehabilitering av Toalettanlegg, og ny gangsti	50 000
201701-1067	993 543 314	Husnes Musikklag	Fornyning av Instrument	65 000
201701-1144	995 337 398	Leve Tyssedal II	Skatepark i nærmiljøet	70 000
201701-1145	993 461 059	Matre Bygdalag	Vidareutvikling av Dranesparken, Aktivitet og lek	75 000
201701-1095	999 185 509	Kaldestad indremisjonsforening / (Kaldestad Bedehus)	Nødvendig opprusting av huset.	75 000
201701-1069	993 486 949	Uskedal Helselag	Turstier og treningsapparater	75 000
201701-x002	996 124 789	Kvinnherad Kommune	Refleksvestar Kvinnherad Kommune	82 437
201701-1098	983 771 645	Rosendal Turnlag	Oppgradering av kioskhuset på Rosendal Stadion	90 000
201701-1093	981 099 664	Varaldsøy Sanitetslag	Solskjerming	90 000
201701-1048	964 967 636	Kvinnherad Ungdomssenter	Musikkverkstaden Kvinnherad Ungdomssenter	90 000
201701-1024	979 201 001	Rommetveit skulekorps	Instrumentkjøp	90 000
201701-1154	875 541 072	Røen og Sjøvangen Vel	Halsnøly Sportsløype	100 000
201701-1143	884 031 052	Odda Orieteringslag	Orienteringskart Gjetingsdalen	100 000
201701-1089	971 356 545	Husnes vekst	Rastehytte med terrasse i Husnesparken	100 000
201701-1052	993 600 989	Kvinnherad Handballklubb	Utstyr og aktivitet	100 000
201701-1135	985 292 353	Herøysund bygdalag	Naudsynt oppgradering av kjøkken i Grendahuset	110 000
201701-1099	993 753 491	Interesselaget Vardhaugselet	Dyrrindo	125 000
201701-1065	993 754 390	Odda Ungdomslag	Utbedra straum og lys/lyd i Ungdomshallen i Odda	130 000
201701-1147	871 356 572	Høylandsbygd Musikkorps	Oppgradering av instrumenter	150 000
201701-1085	998 475 309	Arbeidsgruppa Valeparken	VALEPARKEN	150 000
201701-1066	997 998 197	Kvinnherad skyttarlag	Elektronisk Stang- og Felthurtigbane	150 000
201701-1114	959 491 860	Rosendal Samfunnshus BA	Nytttak til Rosendal Samfunnshus	200 000
201701-1076	913 551 273	Halsnøy samfunnshus velforeining	Takvøla	200 000
201701-1041	912 667 421	Aktivitetsparken Lunden	Leikepark	200 000
201701-1122	984 351 135	Strand-Ulv Hallen AS	Sandvolleyballhall	300 000
201701-1068	993 741 663	Uskedal Idrettslag	Gull av grus - trinn 3	300 000

Referanseid	Organisasjonsnummer i Einigsregisteret	Namnet til laget/organisasjonen	Kva vert prosjektet/tiltaket kalla?	Tildeling
201702-1191	911 695 391	Stord Snookerklubb	Biljardbord	10 000
201702-1203	982 383 145	Hardanger Big Band	Jubileumsturnèen	10 000
201702-1219	993 480 738	Omvikdalen Bygdekvinnelag	Tiltak i barnehage	10 000
201702-1257	997 103 912	Odda Smedforening	Gassdriven esse	10 000
201702-x001	995 070 790	Husnes Indremisjon	Krik - Nattcup	10 000
201702-x002	981 099 664	Varaldsøy sanitetslag	Velferd	10 000
201702-x003	993 600 989	Kvinnerad handballklubb	HU-laget	10 000
201702-1210	996 961 397	Kvinnerad Buejegerklubb	Buer til barn og ungdom	15 000
201702-1242	972 386 766	Stord IL-friidrett	Hekkeskule	15 000
201702-1284	993 753 491	Interesselaget Vardhaugselet	Dyrrindo	18 000
201702-1189	917 226 865	IPX	IPX 2017	20 000
201702-1231	917 343 799	Veteranbusslaget HSD Bilane.	Ta vare på Veteranbussane for framtida.	20 000
201702-1233	915 222 978	HVØ-Pensjonistlag	Trådløs sender-mottaker og ny PC	20 000
201702-1234	993 792 624	Kvinnerad Roklubb	Ny påhengsmotor	20 000
201702-1239	986 034 153	Uskedal Ungdomslag	Kjøp av Projector og screen til bruk i Helgheim	20 000
201702-1252	993 745 928	Skare Ungdomslag	Barnekorprosjekt	20 000
201702-1196	993 745 928	Skare ungdomslag	Det store folkedansløftet i Odda og omegn	30 000
201702-1254	993 414 840	Rosendal Musikklag	Fornyng av instrument	30 000
201702-1285	993 516 953	Ænes og Mauranger Bygdalag	Oppgradering av samfunnshuset	30 000
201702-1204	911 791 013	Internasjonalt Kor Odda	Investering av lydutstyr.	32 000
201702-1220	889 387 122	Langeland skulekorps	Aspirantane og 1.års-korpsingane	40 000
201702-1235	996 533 247	Ungdomslaget Stordabuen	Nytt golv i hovudsalen	43 000
201702-1223	916 523 599	Løkjelsøy, Kolsøy og Valøy Venelag	Verktøy og Utstyr og oppgradering av badestrand	45 000
201702-1245	948 770 504	Kvinnerad Undervannsklubb	Fyllepanel for trykkluftapparat	45 000
201702-1195	985 257 280	Rosendal skulekorps	Uniform-kledd ungdom	50 000
201702-1244	993 950 181	Seimsfoss grendalag	Stølsvegane, stølane og historie	50 000
201702-1246	993 442 771	Matre idrettslag	Rydding av Postveg -sti frå Åkra til ferjekaien.	50 000
201702-1250	998 835 410	Perlo kajakkklubb	Kursaktivitetar for ungdom	50 000
201702-1270	880 686 682	Sunde Grendalag	Sunde nærmiljøanlegg	50 000
201702-1197	981 957 326	Kvinnerad motorsport klubb	Straum til klubbhus	60 000

201702-1202	983 839 509	IL SOLID Symjegruppa	Oppbygging/re-strukturering av symjegruppa	60 000
201702-1208	999 217 060	Halsnøy Strupeband	Lydstyr	60 000
201702-1209	885 412 912	Uskedal Skulemusikk	Felles seminar til Kvinnherad skulekorpsa 2018	65 000
201702-1224	981 099 664	Varaldsøy Sanitetslag	Nytt golvbelegg.	65 000
201702-1225	995 070 790	Husnes Indremisjon	Ny oppvaskmaskin /oppvasklinje på bedehuskjøkkenet	80 000
201702-1214	995 399 415	Kvinnherad Røde Kors Omsorg	Sosialt hygge og samvær for eldre og einslege	90 000
201702-1240	917 789 878	Kvinnherad Frivilligsentral, Seniorgruppa	Sykling har ingen alder	90 000
201702-1188	983 771 645	Rosendal Turnlag	Oppgradering av ballrommet.	95 000
201702-1222	993 462 519	Røyndal Vel	Aktivitetssti på friområde i Neslia	100 000
201702-1262	974 249 138	IL Trio Fotball	3`ar fotball for 6 og 7-åringar	100 000
201702-1280	818 749 082	Turstar på Sunde	Prosjekt Kaldestadåsen	100 000
201702-1229	985 031 606	Indre Hardanger Rideklubb	Hindermateriale til ridestmne og trening.	110 000
201702-1237	986 034 153	Uskedal Ungdomslag	Scene Helgheim	125 000
201702-1194	985 257 280	Rosendal Skulekorps	Blank messing	150 000
201702-1211	971 020 962	Stord IL Handballgruppa, Handballfestivalen	Nye mål	150 000
201702-1259	986 585 125	Sunde Kyst- og Litteratursemter	Ny kai ved kystkultursenteret - Bergslagen	150 000
201702-1260	875 541 072	Røen og Sjøvengen Velforening	Halsnøy Hinderløype	150 000
201702-1267	975 834 662	Odda Røde Kors	Renovering beredskapshytte Seljestad	150 000
201702-1190	993 741 663	Uskedal idrettslag	Utstyrsbod på kunst`n	200 000
201702-1216	962 979 327	Fjellhaugen Skisenter AS	Styringssystem til skitrekk	200 000
201702-1251	985 536 910	Omvikdalen Ungdomslag	Oppgradering trapperom, lagerrom og oppholdsrom	200 000
201702-1232	974 249 138	Trio Idrettslag	9ar-kunstgrasbane	280 000
201702-1238	983 771 645	Rosendal Turnlag - turgruppa	Skålafjell, sikring av stien frå Åsvodl til varden	300 000
201702-1266	959 491 860	Rosendal Samfunnshus BA	Parkett i festsalen i Rosendal Samfunnshus	300 000
201702-1264	983 771 645	Rosendal Turnlag	Nyetablering & opprusting av Rosendal Stadion	700 000
201702-1272	896 937 472	Interesselaget for galeas Gurine	Restaurering av galeas Gurine	1 000 000
201702-Res	974 249 138	Trio Idrettslag	Idrettshall (reservert)	1 000 000

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Rekneskap 2017

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Resultatrekneskap

NOTAR	DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2017	2016
3	Lønskostnad	1.109.273	1.443.389
7	Avskrivning på varige driftsmidler	29.323	22.408
3	Annan driftskostnad	824.034	928.499
	Sum driftskostnader	<u>1.962.631</u>	<u>2.394.296</u>
	Driftsresultat	<u>-1.962.631</u>	<u>-2.394.296</u>
	FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
	Anna renteinntekt	421.626	502.883
	Anna finansinntekt	14.009.812	9.339.875
6	Verdiendring av finansielle anleggsmiddel	0	91.451.594
	Annan rentekostnad	56	0
	Annan finanskostnad	47.825	24.550
	Resultat av finansposter	<u>14.383.557</u>	<u>101.269.802</u>
	Resultat i året	<u>12.420.927</u>	<u>98.875.505</u>
	OVERFØRINGAR		
	Avsett til annan egenkapital	2.420.927	69.875.505
	Avsetjing til gåvefond	0	15.000.000
	Avsetjing til gåver	10.000.000	14.000.000
5	Sum overføringer	<u>12.420.927</u>	<u>98.875.505</u>

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Balanse pr. 31. desember

NOTAR	EIGA	2017	2016
	Anleggsmidler		
	Varige driftsmiddel		
7	Driftslausøre og inventar	36.560	44.832
	Sum varige driftsmiddel	<u>36.560</u>	<u>44.832</u>
	Finansielle anleggsmidler		
6	Investeringar i aksjar	330.000.000	330.000.000
	Sum finansielle anleggsmidler	<u>330.000.000</u>	<u>330.000.000</u>
	Sum anleggsmidler	<u>330.036.560</u>	<u>330.044.832</u>
	Omløpsmiddel		
	Krav		
	Andre kortsiktige krav	14.786	15.703
	Sum krav	<u>14.786</u>	<u>15.703</u>
	Investeringar		
6	Andre finansielle instrument	4.229.523	4.229.523
	Sum investeringar	<u>4.229.523</u>	<u>4.229.523</u>
2	Bankinnskot, kontantar og liknande	<u>36.324.636</u>	<u>34.008.744</u>
	Sum omløpsmiddel	<u>40.568.945</u>	<u>38.253.970</u>
	SUM EIGA	<u>370.605.505</u>	<u>368.298.802</u>

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Balanse pr. 31. desember

NOTAR	EIGENKAPITAL OG GJELD	2017	2016
	<i>Egenkapital</i>		
	Eigenkapital		
	Innskoten eigenkapital		
	Grunnkapital	151.748.350	151.748.350
	Sum innskoten eigenkapital	<u>151.748.350</u>	<u>151.748.350</u>
	Opptent eigenkapital		
	Gåvefond	39.301.910	44.301.910
	Annan eigenkapital	150.738.401	148.317.474
	Sum opptent eigenkapital	<u>190.040.311</u>	<u>192.619.384</u>
5	Sum eigenkapital	<u>341.788.661</u>	<u>344.367.734</u>
	Kortsiktig gjeld		
	Leverandørgjeld	51.968	82.763
	Skuldige offentlege avgifter	120.107	172.752
4	Avsett til gáveutdeling	28.594.000	23.585.000
	Annan kortsiktig gjeld	50.769	90.552
	Sum kortsiktig gjeld	<u>28.816.844</u>	<u>23.931.067</u>
	Sum gjeld	<u>28.816.844</u>	<u>23.931.067</u>
	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	<u>370.605.505</u>	<u>368.298.802</u>

Husnes, 14.8. 2018

Svein Arne Eidsvik
Svein Arne Eidsvik
styreleiar

Frøydis Johanne Sjø Fjellhaugen
Frøydis Johanne Sjø Fjellhaugen
nestleiar

Synnøve Solbakken
Synnøve Solbakken
styremedlem

Gunnar Våge
Gunnar Våge
styremedlem

Daniel Mofso
Daniel Mofso
dagleg leiar

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Notar til rekneskapen 2017

Note 1 – Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og NRS 8 – God rekneskapsskikk for små føretak. Rekneskapsprinsippa følgjer under.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eiga og gjeld

Eiga bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Annan eiga er klassifisert som omløpsmidlar. Krav som skal attendebetalast innan eitt år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande reglar lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurdert til kostpris, korrigert for nedskrivingar og avskrivingar. Nedskriving vert gjort når forskjellen mellom verkeleg verdi og bokført verdi er vesentleg, og verdifallet ikkje er forventa å vere av forbigåande art. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid blir avskrivne planmessig.

Børsnoterte finansielle anleggsmiddel vert vurdert til det lågaste av marknadsverdi og kostpris.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje skrivne opp til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Gåvefond er klassifisert som egenkapital. Det er generalforsamlinga som gjev styret fullmakt til utdeling av gåvefondet.

Stiftinga utøver ikkje skattepliktig verksemd.

Note 2 – Bankinnskot

Av likvidar i balansen pr. 31.12. utgjer bundne midlar i skattetrekk kr 82.902. Beløpet dekkjer skuldig skattetrekk pr. 31.12.

Note 3 – Lønskostnad, tilsette, godtgjersle m.m., lån til tilsette m.m.

Lønskostnad	2017	2016
Løn	473.846	756.383
Andre honorar	493.070	502.084
Folketrygd	106.420	137.720
Pensjonskostnader	26.502	37.801
Andre ytingar	9.435	9.401
Sum	<u>1.109.273</u>	<u>1.443.389</u>
Antall årsverk sysselsett i rekneskapsåret	<u>0,5</u>	<u>0,6</u>

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Notar til rekneskapen 2017

Note 3 forts. – Lønskostnad, tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

Ytingar til leiande personar	Daglig leiar	Styret/GF
Løn	423.077	493.070
Anna godtgjersle	5.883	
Kostnader til revisor:	2017	2016
Lovpålagt revisjon	35.000	33.750
Skatterådgjeving	7.000	9.375
Andre tenester utanfor revisjonen	10.500	0
Sum	<u>52.500</u>	<u>43.125</u>

Alle tal er oppgjevne inklusiv mva.

Note 4 – Gåveutdelingar

	2017	2016
Tildelte, ikkje utbetalte gåver 1.1.	2.200.000	700.000
Tildelte gåver	10.523.437	9.025.000
Utbetalte gåver	<u>-9.991.000</u>	<u>-7.525.000</u>
Tildelte, ikkje utbetalte gåver 31.12.	2.732.437	2.200.000
Resultat tilordna gåver	10.000.000	14.000.000
Tidlegare avsett gåveutdeling, ikkje tildelt 31.12.	10.861.563	7.385.000
Frigjeve fra gåvefond 2017 til gåveutdeling i 2018 og 2019	5.000.000	0
Totalt gåver til utdeling 31.12.	<u>28.594.000</u>	<u>23.585.000</u>

Note 5 – Eigenkapital

	Grunnkapital	Annan EK	Gåvefond	Sum EK
Eigenkapital 1.1.2017	151.748.350	148.317.474	44.301.910	344.367.734
Resultat i året		12.420.927		12.420.927
Avsett til gåver		-10.000.000	-5.000.000	-15.000.000
Eigenkapital 31.12.2017	151.748.350	150.738.401	39.301.910	341.788.661

- Av vedtekne og tildelte gåver i 2017 er det kr 2.732.437 som framleis ikkje er utbetalt. Desse er klassifisert som gjeld i rekneskapen.

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Notar til rekneskapen 2017

Note 6 – Aksjar i Sparebank 1 SR-Bank

	Antal	Eigardel	Kostpris	Marknads- verdi	Verdiendring
Sparebank 1 SR-Bank 1)	6.069.934	2,37 %	330.000.000	528.084.258	159.335.768
Sparebank 1-SR Bank HFO 2)	156.649	0,06 %	4.229.523	13.628.463	4.112.036
Sum	6.226.583	2,43 %	334.229.523	541.712.721	163.447.804

1) Aksjane er klassifisert som anleggsaksjar.

2) Aksjane er klassifisert om omløpsaksjar.

Note 7 – Varige driftsmidlar

	Kontor- maskiner
Anskaffingskost pr. 1.1.	92.870
Tilgang i året	21.051
Avgang til anskaffingskost	0
Anskaffingskost pr. 31.12.	113.921
Akkumulerte avskrivningar pr. 31.12.	77.361
Bokført verdi pr. 31.12.	36.560
Avskrivningar i 2017	29.323

Forventa økonomisk levetid

3 år

Avskrivningsplan

Lineær

Til generalforsamlinga i Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 12.420.927. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2017, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2017, og av resultat for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og daglig leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og daglig leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskaps-estimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetjing av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om stiftinga si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggssopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggssopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at stiftinga ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggssopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gjev eit rettvise bilete.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet overfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet overfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtektene for øvreg.

Bergen, 23. mai 2018
Deloitte AS

Jon-Osvold Harila
statsautorisert revisor